



Notat

Dato: 19.05.2016
Arkivsak: 2014/560-230
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Marte Hagen Eriksrud

Frå: Ungdommens fylkesutval

Uttale til Nasjonal transportplan 2018-2029 frå Ungdommens fylkesutval

Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetraast på den måten at bussavgangane kan tilpassast skuletidene. Avgangar bør jobbast med for å minka forseinkommingar og fråver frå skule og jobb som skuldast ikkje-korresponderande bussavgangar. Nattbusstilbodet i fylket bør både betrast og oppretthaldas, særskilt i distrikta. Det er også viktig at transporten ut til andre fylke vert oppdatert, som er naturleg med eit aukande folketal. Derfor er togbane mellom Bergen og Stavanger nødvendig for å løfte infrastrukturen mellom fylka til eit framtidsretta nivå.

Ungdommen er klar over, og ynskjer at trafikksikring på E16 bør prioriterast, nettopp fordi det er den mest døyelege vegen i Hordaland. På UFT 2016 vart det også nemnt at strekningen: Eidfjord-Bu må verta sikrare, spesielt mot rasfare. Dette er fordi denne hasardiøse vegen er skuleveg for elevar som går på skule i Eidfjord.

Hordaland har fortent ein kollektivtransport som er meir attraktiv for ungdom. Derfor syntes me at Honnør- og studentbillettar skal koste det samme. I tillegg bør ikkje ungdomskort overskride 45% av prisen på periodeskyss. Det bør også vere studentrabatt på all kollektivtransport, uavhengig av reisetid og -lengde. Ungdomskort og studentkort bør i framtida også kunna brukast på nattbuss.

UFU vil:

- Betre korrespondanse
- Byggje tog til Stavanger
- Betre trafikksikring på vegar i Hordaland
- Betre prisane for student- og ungdomsbilettar

Vegard Kleppe
Leiar

